



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Siren Elise Tømmerbakke, 5557 2290

Landbrukseigedomar i dødsbu - tillegg til utsend liste

I byrjinga av april sende vi ut ei oversikt til kommunane over landbrukseigedomar i dødsbu. Listene var henta frå Landbruksdirektoratet sine fylkesvise uttrekk frå Landbruksregisteret. I slutten av april fekk vi eit nytt uttrekk. Ikkje alle landbrukseigedomane som har døde eigarar var komme med på det første uttrekket.

Direktoratet skriv at dei i det første uttrekket tok med eigedomar som hadde fått oppdatert statusendring frå levande til død i historikken i Landbruksregisteret. Det viste seg at ein del av landbrukseigedomane i utgangspunktet var registrert med døde eigarar, og at det difor ikkje er registrert statusendring for desse eigedommane. Eigedomane dette gjeld er no komme med på dei fylkesvise listene.

Vi sender ikkje ut heile lista på nytt, men har i staden sortert ut dei eigedomane som ikkje var med på den første lista. Vedlagt er lister for Alver, Austrheim og Modalen. Fedje hadde ingen eigedomar utover dei som var med på den første lista.

Ta kontakt om de har spørsmål.

Med helsing

Siren Elise Tømmerbakke
seniorrådgjevar

Vedlegg:

- 1 4631 Alver - tillegg
- 2 4632 Austrheim - tillegg
- 3 4629 Modalen -tillegg